

Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

Årsmelding frå styret 2022

Voss 30.01.2023

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Nils Gjøstein

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Thor Hårklau og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau

Revisor: Knut Kvamme og Åse Kyte

Valnemnd: Magnar Lemme leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

Historienemnd: Magnar Lemme, Selmar Traa og Odd Tverberg

I 2022 har det vore 5 styremøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt 4 arbeidsmøte.

Årsmøte vert i Songvehytta 19 April

Viktige hendingar:

2022 bar preg av mykje som var usikkert etter korona. Me hadde planar om aktivitet vår og haust på Kvamma-benken, men vart rådd til å vera forsiktig. Det kom lite folk på tilstellingar.

Aktivitet i mindre skala har det vore.

I mars starta me opp att arbeidet med Holahytta, med å gjera den klar for steinutstillinga til Seljebotn. Steinutstillinga skal stå der permanent, og den skal opnast under arrangement.

I april var det trekkspekveld i Songvehytta med Steinar Hårklau og Odd Hagen. Det var fult hus, god stemning og ei stor oppleving for alle som var der.

I juni var Dale Mankor på Kvammabenken. Flott korsang.

I september hadde me besøk av Samnanger historielag som fekk demonstrert skiferarbeid, fekk historieforteljing, og servert Supanesoppa i Songvehytta.

I september hadde me open dag i forbindelse med Kulturminnedagane. I forkant hadde elevar frå Gymnaset laga kunstutstillingar i naturmateriale fleire stader på hedleberget.

Det var fleire som hadde stand på open dag, blant andre 4H, Kyte Kvinne og Familielag, Aksel Stalheim, Berit Sivlesøy Hårklau og Mari Grevle.

Eit av høgdepunkta var opning av steinsenteret. Dette skulle varaordførar stå for, men han måtte melde fråvær på kort varsel. Steinsenter vart opna likevel, og geolog Johannes Vik Seljebotn hadde mykje å vise fram, og mykje interessant å fortelje.

Stor interesse var det også rundt meteoritten som Stine Hårklau fant i Jordalsfjella. Dette er den 17 meteoritten som er funne her i landet. Deler av den skal stillast ut på Naturhistorisk Museum i Oslo, saman med dei 16 andre.

Elles var det musikkinnslag av Eline Sundal. Ingeborg og Hermann Jordalen spelte torader under opning av steinsenteret. Det var fleire utstillarar og demonstrasjon av skiferarbeid, historieforteljning, musikk innslag, kafe'. I tillegg var det opent museum heile dagen. Pensjonistane Odd og Magnar hadde full hyre med å lage suvenirar, og fortelje om utstillinga.

Det har vore fleire andre aktivitetar i Songvehytta og på amfiet. Det var giftarmål på amfiet, konfirmasjon, barnedåp og åremålsdag i Songvehytta. Vi har hatt skuleklasse og andre interesserte på berget dette året. Me har hatt besøk av fagskulen i Rogaland som fekk kurs i skiferproduksjon.

Underteikna var i Bergen på «Seminar om gjenbruk av skifer» invitert av Byantikvaren. Fortalde om Vossaskiferen til 30 som var skifer interesserte. Det var mykje skiferkompetanse blant handverkarar i Bergen. Alta Skiferbrud og Valdres skiferbrud var også representert.

Søknadar:

Som frivillig organisasjon har vi i 2022 mottatt kr. 23.802,- i moms kompensasjon.

Dugnad:

I 2022 vart Holehytta ferdig til steinutstilling, med nylaga hyller og god belysning. På Kvammabenken er duken som dekker heile amfi «salen» satt opp og testa. Det betyr at er det regn under ein konsert sit alle tørt. Duken er testa i kraftig vind og regn.

Det er i år lagt ned ca 220 dugnadstimar i tillegg til alle møter.

Me er registrert i Norsk tipping som mottakar av "Grasrotmidlar" Me set stor pris på at me vert vald som mottakar. Organisasjonsnummeret er 998 081 491. Medlemskontingent i Interessegruppa er kr. 100,- Konto: 3480.14.21360

I 2022 har vi ikkje hatt store konsertar på amfiet, men på andre område har det vert bra aktivitet. Ikkje minst er kulturstien godt brukt. Planar for 2023 er i gang. Målet er å auke aktiviteten, og vår og haust konsert.

For styret:



Ingmar Hårklau

Leiar